



Arkivnr: 2017/732-202

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		11.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

Søknad om fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune - Magne Fauskanger

Samandrag

Representanten Magne Fauskanger har søkt om fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Fauskanger er folkevald for Fremskrittspartiet. Han søker fritak då han ikkje lenger er medlem av Fremskrittspartiet.

Magne Fauskanger er 1. varamedlem på Fremskrittspartiet si liste for varamedlemlar til Kontrollutvalet.

Fylkesrådmannen kan ikkje rå til at Magne Fauskanger får fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet.

Økonomi: Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til innstilling

Magne Fauskanger får avslag på søknaden om fritak frå vervet som varamedlem til Kontrollutvalet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.11.2018

Representanten Magne Fauskanger har i E-post den 1. oktober 2018 søkt om fritak frå vervet som varamedlem i Kontrollutvalet. Han skriv:

«Da jeg ikke lenger er medlem av Frp, stiller jeg plassen min som varamedlem i Kontrollutvalget til disposisjon. Jeg ønsker fritak fra vervet.»

Magne Fauskanger har eit verv i Hordaland fylkeskommune: varamedlem til Kontrollutvalet.

I E-post av 1. oktober 2018 har fylkessekretariatet spurte Magne Fauskanger om han kan gje ein nærmare grunngjeving for sin søknad om fritak. Slik grunngjeving er ikkje motteke av fylkessekretariatet.

Rettsleg grunnlag:

1.) Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.»

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen»den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet. Problemstillinga her er om Magne Fauskanger kan skjøtte sine pliktar som varamedlem til Kontrollutvalet utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører.*»

Magne Fauskanger har opplyst at han no ikkje lenger er medlem i Fremskrittspartiet og at han stiller plassen sin som varamedlem i Kontrollutvalet til disposisjon. Han ønskjer difor fritak frå dette vervet. Det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak. Det faktum at Fauskanger i dag ikkje er medlem i Fremskrittspartiet er ikkje til hinder for at han fortsatt kan skjøtte vervet som varamedlem til Kontrollutvalet på ein god måte. Som ovanfor nemnt, går det fram av både kommunelova og juridisk teori at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. «*Forhold som politisk motgang, endra politisk oppfatning vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak.*» Fauskanger har endra politisk oppfatning. I juridisk teori går det fram at endra politisk oppfatning som utgangspunkt ikkje vil kvalifisere til fritak.

I kommunelova har ein no teke inn ordet «belastning» som alternativ til ordet «vanskelighet». Ein kan difor ikkje heilt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjonar kor dei har ført til helsemessige eller sosiale

belastningar for eit medlem. Fylkessekretariatet har i E-post av 1. oktober spurt Fauskanger om han kan gje ein nærmare grunngjeving for kvifor han søker om fritak. Dette for å kunne vurdere om det i denne saka ligg føre forhold som kan ha skapt helsemessige eller sosiale belastningar for han. Fylkessekretariatet har ikkje motteke nærmare grunngjeving frå Fauskanger.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at Magne Fauskanger *ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet som varamedlem til Kontrollutvalet*. Ein kan heller ikkje sjå at det i denne konkrete saka er grunnar som gjer det ekstra byrdefullt for han å oppfylle dei pliktar dette vervet medfører. Det skal og nemnast at dette gjeld eit varamedlemskap, noko som er mindre arbeidskrevjande enn eit ordinert medlemskap.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, er vilkåra etter kommunelova § 15 nr. 2 ikkje oppfylt i denne saka. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve avslag på søknad om fritak frå vervet som varamedlem i Kontrollutvalet i Hordaland.